

# Høyringsfråsegn – Forslag til endringar i opplæringslova og privatskolelova

I høyringsdokumentet er det mellom anna gjort framlegg om at skoleeigar skal ha plikt til å tilby elevar leksehjelp. Det er foreslått å løyve midler som skal dekke til saman 8 timar gratis leksehjelp etter obligatorisk skoletid pr. veke for 1.-4.årstrinn, dvs. i gjennomsnitt to timer pr. veke for kvar av desse trinna.

Fylkesmannen i Rogaland har ingen merknader til sjølve forslaget om leksehjelp, men meiner dei problema som Departementet peiker på med omsyn til skoleskyss ikkje er løyste godt nok.

I område der elevane bur langt frå skolen og det vert nytta skoleskyss, kan ein risikere at tilbodet om leksehjelp vert illusorisk dersom elevane ikkje vert sikra same retten til skyss anten dei tek i mot leksehjelp eller ikkje.

Fylkesmannen i Rogaland meiner derfor at ein bør utforma ordninga med leksehjelp slik, at ein sikrer at dei som har rett til skoleskyss ikkje risikerer å mista denne dersom dei tek i mot leksehjelp.

Fylkesmannen i Rogaland